Nytt kurs for leiarar, nestleiarar og sekretærar i eldreråd

Som oppfølging av Eldrerådskurset frå sist vinter, tilbyr vi no eit eige kurs for leiarar, nestleiarar og sekretærar i dei kommunale og fylkeskommunale eldreråda.

I evalueringa og tilbakemeldingane etter Eldrerådskurset vart det ytra ønskje om opplæring i det å være leiar i eit råd, og om meir kunnskap knytt til kommunikasjon og mediehandtering.

Kommunikasjon, medietrening, og leiing blir derfor tema når Senteret for et aldersvennleg Norge inviterer leiarar, nestleiarar og sekretærar i eldreråda til nytt kurs**.**

Eldreråda er ambassadørar for dei eldre i sin kommune, og spelar ein viktig rolle i utviklinga av meir aldersvennlege lokalsamfunn. I dette kurset vil de som leiarar av råda få opplæring i rolla som leiar. De vil og få relevant og skreddarsydd kunnskap knytt til kommunikasjon og mediehandtering. Alt dette er viktig for å kunne utøve rolla som leiar i eit eldreråd på best mogleg måte.

Kvar og når:

Kurset blir arrangert på Quality Airport Hotel Gardermoen, 29.-30. april.
Hotell Gardermoen | Hotell Oslo Lufthavn | Strawberry

Kurset **er gratis** og går over to dagar, inkludert overnatting, – frå lunsj til lunsj.
Kurset startar med lunsj kl. 12-13 på dag 1 og blir avslutta med lunsj kl. 13-14 dag 2.

Inspirasjon og praktiske øvingar

Kursa vil innehalde inspirasjonsforedrag, samtalar og praktiske øvingar.

- Dag 1: Workshop i styrkebasert leiing. Korleis finne styrker og korleis bruke styrker. Teori, aktivitet og refleksjon.
- Dag 2: Workshop i kommunikasjon og mediehandtering. Kunnskap, tips, triks og praktiske øvingar i møte med, og bruk av, ulike massemedia.

Kurs og overnatting er gratis. **Reise til og frå må den enkelte kommune/råd dekke sjølv.**

Kursa er berre for leiarar, nestleiarar og sekretær i råda.
Det er begrensa med plassar, og påmeldinga er bindande.

Påmelding via lenka nedanfor til Berg Hansen**. Påmeldinga stenger når kurset er fullteikna, men med absolutt siste frist for påmelding 14 februar 2025.**

Lenke: https://events.berg-hansen.no/ParticipantWeb/Registration/68648

Glasspaper, www.glasspaper.no og TRY, www.try.no leverer hhv. kurset i styrkebasert leiing og kurset i mediekunnskap og bruk av massemedia.

Spørsmål rundt kurset kan rettast til underteikna! (Plassar på kursa kan ikkje reserverast)

Kurs for leiarar, nestleiarar og sekretærar i eldreråd

29-30. april på Quality Airport Hotel Gardermoen.
Hotell Gardermoen | Hotell Oslo Lufthavn | Strawberry

Program:

Dag 1:	
12.00-13.00	Lunsj
13.00-17.00	Workshop i styrkebasert leiing. Korleis finne styrker og korleis bruke styrker når du leder et råd. Teori, aktivitet og refleksjon.
18.00	Middag

Dag 2:	
08.00-09.00	Frukost
09.00-13.00	Workshop i kommunikasjon og mediehandtering. Teoretisk del i korleis media arbeider, korleis komme på med ei sak. Kunnskap, tips, triks og praktiske øvingar i møte med, og bruk av, ulike typar massemedia.
13.00-14.00	Lunsj

Med helsing

Olav Sæbø
Rådgiver, Senteret for et aldersvennlig Norge
E-post: olav.saebo@helsedir.no
tlf. (+47) 99 60 66 24

www.aldersvennlig.no

Helsedirektoratet
Postadresse: Pb 220 Skøyen, 0213 Oslo
Besøksadresse: Ystenesgata 6B, 6003 Ålesund